

RAUMA KOMMUNE

VILTNEMND

MØTEBOK

Møtedato: 22.05.2013
Møtestad: Rauma Rådhus møterom 515
Møtetid: Kl. 17:00 – 19:30

Møtet ble ledet av: Mona Sæbø

Fraværende: Ottar Blichfeldt

Møtende vararepr.: -

Til stede: Mona Sæbø, Reidar Brude, Anne Grete Løvik Kjersem og Per Egil Solli Mork

Fra administrasjonen møtte: Brit Grønmyr

Protokollfører: Brit Grønmyr

Behandlede saker fra 009/13 - 016/13 .

Åndalsnes, 04.06.2013

Leder
Tittel

Reidar Brude
tittel

Anne Grete Løvik Kjersem
tittel

Saksliste:

Sak nr.	Sakstittel
009/13	GODKJENNING AV MØTEBOK
010/13	DELEGASJONSSAKER
011/13	VURDERING AV JUSTERING AV MINSTEAREAL FOR HJORT 2013
012/13	TILDELINGSMODELL FOR HJORT FOR VALD UTAN BESTANDSPLAN 2013
013/13	TILDELING AV FELLINGSLØYVER PÅ HJORT FOR VALD UTAN BESTANDSPLAN 2013
014/13	RULLERING AV BESTANDSPLAN FOR GRYTTE STORVALD 2013 - 2015
015/13	TILDELING AV FELLINGSLØYVER FOR ELG FOR 2013
016/13	ENDRING AV LOKAL FORVALTNINGSPLAN FOR GRÅGÅS 2013

Rauma kommune

SAKSPAPIR

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Viltnemnd	22.05.2013	009/13	BRG

Saksansvarlig Brit Grønmyr	Arkiv: K2- Objekt:	Arkivsaknr 13/1242
--------------------------------------	-------------------------------------	------------------------------

GODKJENNING AV MØTEBOK

22.05.2013 VILTNEMND

VN-009/13 VEDTAK:

Møtebok frå Viltnemndmøte 17.4.2013 vart godkjent og underskrive på møtet

Rauma kommune

DELEGERTE SAKER

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Viltnemnd	22.05.2013	010/13	BRG

Saksansvarlig Brit Grønmyr	Arkiv: K2- Objekt:	Arkivsaknr 13/1241
--------------------------------------	-------------------------------------	------------------------------

DELEGASJONSSAKER

FVN-042/07 17.04.2013: SØKNAD OM SKADEFELLING AV GRÅGÅS 2013 - JØRN OLE SKIRI

VEDTAK:

Med heimel i § 18b i Naturmangfoldlova og pkt II B i Forskrift om felling av viltarter som gjør skade, blir det gjeve løyve til felling av inntil 5 grågås på gnr/bnr 136/1 og 2 i perioden fram til og med 10. mai 2013.

Skadefellinga skal skje på eller i nærleiken av innmark og i samsvar med reglar for ordinær jaktutøving.

Det skal berre fellast grågås frå flokk, jfr utredningen ovenfor.

Fellingsrapport over alder, kjønn, fellingsdato og stad skal sendast kommunen straks kvoten er oppfylt og seinast innan 13. mai om kvoten ikkje er oppfylt

FVN-043/07 17.04.2013: SØKNAD OM SKADEFELLING AV GRÅGÅS 2013 - ANDERS EIDE

VEDTAK:

Med heimel i § 18b i Naturmangfoldlova og pkt II B i Forskrift om felling av viltarter som gjør skade, blir det gjeve løyve til felling av inntil 5 grågås på gnr/bnr 144/4 i perioden fram til og med 10. mai 2013.

Skadefellinga skal skje på eller i nærleiken av innmark og i samsvar med reglar for ordinær jaktutøving.

Det skal berre fellast grågås frå flokk, jfr utredningen ovenfor.

Fellingsrapport over alder, kjønn, fellingsdato og stad skal sendast kommunen straks kvoten er oppfylt og seinast innan 13. mai om kvoten ikkje er oppfylt

FVN-044/07 17.04.2013: SØKNAD OM SKADEFELLING AV GRÅGÅS - NILS GRYTNES

VEDTAK:

Med heimel i § 18b i Naturmangfoldlova og pkt II B i Forskrift om felling av viltarter som gjør skade, blir det gjeve løyve til felling av inntil 10 grågås på strekninga Ytre Sandnes – Frøyset i perioden fram til og med 10. mai 2013.

Skadefellinga skal skje på eller i nærleiken av innmark på strekninga Ytre Sandnes til Frøyset og i samsvar med reglar for ordinær jaktutøving.

Det skal berre fellast grågås frå flokk, jfr utredningen ovenfor.

Fellingsrapport over alder, kjønn, fellingsdato og stad skal sendast kommunen straks kvoten er oppfylt og seinast innan 13. mai om kvoten ikkje er oppfylt.

FVN-045/07 24.04.2013: SØKNAD OM SKADEFELLING AV GRÅGÅS 2013 - OLA MAGNAR HAMRE

VEDTAK:

Med heimel i § 18b i Naturmangfoldlova og pkt II B i Forskrift om felling av viltarter som gjør skade, blir det gjeve løyve til felling av inntil 5 grågås på gnr/bnr 135/1 i perioden fram til og med 10. mai 2013.

Skadefellinga skal skje på eller i nærleiken av innmark og i samsvar med reglar for ordinær jaktutøving.

Det skal berre fellast grågås frå flokk, jfr utredninga ovanfor.

Fellingsrapport over alder, kjønn, fellingsdato og stad skal sendast kommunen straks kvoten er oppfylt og seinast innan 13. mai om kvoten ikkje er oppfylt

FVN-046/07 25.04.2013: SØKNAD OM MÅSEGGPLUKKING PÅ KOMUNALE BYGG - BYGNINGSDRIFT V/JO UNHJEM

VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon punkt II B andre ledd får bygningsdrift v/Jo Unhjem løyve til å fjerne måsegg frå hekkande gråmåse og fiskemåse frå vedtaksdato til 01.08.13 på Rauma Rådhus, Raumahallen, Åndalsnes Trygdeboliger, Åndalsnes Barneskole, Åndalsnes Ungdomsskole og Rauma Sjukeheim.

Det blir føresett at førebyggjande tiltak blir sett i verk i tillegg.

Miljøvernleiar ønskjer tilbakemelding om talet på reir/hekkeforsøk på kvart av taka innan 1.september 2013.

INNSTILLING:

Delegasjonssakene tas til etterretning.

22.05.2013 VILTNEMND

VN-010/13 VEDTAK:

Einstemmig som innstillinga:

....

Delegasjonssakene tas til etterretning

Rauma kommune

SAKSPAPIR

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Viltnemnd	22.05.2013	011/13	BRG

Saksansvarlig Brit Grønmyr	Arkiv: K1- Objekt:	Arkivsaknr 13/116
--------------------------------------	-------------------------------------	-----------------------------

VURDERING AV JUSTERING AV MINSTEAREAL FOR HJORT 2013

Vedlegg:

Merknader frå desse valda:

- Grøvdal sameige
- Hamre/Haukeberg
- Hatle/Norvik
- Medalen grunneierlag
- Eide/Indre Rødven
- Grytten storvald
- Lerheim

To tabellar som viser måloppnåing for bestandsplanområda.

Andre vedlegg:

Kommunal hjorteviltplan 2011 - 2015

Sak VN-3/13 vurdering av justering av minsteareal i kommunen

[Hjorteviltforskrifta](#)

Vårteljingsfigur 1997 - 2013

Saksopplysninger:

Den nye hjorteviltforskrifta antyder at eit 10 % avvik frå tildelt kvote samt frå kjønns- og alderssamansetting ifht bestandsplanmåla som vesentleg, jf sak VN-3/13. Tabell 1 i vedlegget er henta frå denne saka, og viser fellingsprosentane i valda i kommunen. Tabell 2 viser måloppnåinga i bestandsplanområda. Bestandsplanae har i tillegg vanlegvis bestemmelsar om 50/50 fordeling på kjønn hos ungdyr og eit punkt som tillet 10 % avvik frå bestemmelsane i kjønn og alder for dei fleste kategoriane.

Sidan minsteareal er forskriftfesta vedtok Viltnemnda i sak VN-3/13 å sende forslaget om endring av minsteareal for kommunen på høyring. Desse innspela er komne inn i høyringsperioden:

Grøvdal sameige har driftsplan med varigheit 2011 til 2015 med tildeling etter eit minsteareal på 470 da, og ønskjer å behalde driftsplanen ut perioden.

Kommentar: Eit eventuelt vedtak om endra minsteareal vil vera baserte på ei heilheitsvurdering av området minstearealet gjeld for, men vil ikkje ha tilbakeverkande kraft,

dvs tildelingane til allereie godkjende bestandsplanar vil ikkje bli endra med mindre det er eit eige vedtak som går spesielt på dette. Grøvdalen sameige har hatt fellingstal opp mot 100 %, med unntak av det siste året da fellingsprosenten var 53. Det er kjent at det har vore ein god sommarbestand her til trass for at det ikkje visest på vårteljningane. Planen deira varer ut perioden for den kommunale plana, og eit år med dårlege fellingar blir ikkje vurdert som tilstrekkeleg til å endre på tildelingane for valdet.

Hamre/Haukeberg har vore tilfreds med eit minsteareal på 300 da tildeling etter 150 da, og meiner slingringsmonnet for dagens minsteareal på 150 – 450 da er tilstrekkeleg. Dei har sjølv redusert tildelinga frå 150 til 300 dekar sist år, og håpar at viltneimnda kunne prøve å la grunneigarane sjølv få forvalte hjortestamma lokalt. Dei meiner at dagens ordning er den beste og bør vidareførast.

Kommentar: Den kommunale hjorteviltplana 2011 – 2015 seier at bestanden på Rødvenhalvøya skal stabiliserast. Vårteljningane sidan 2007 viser ein jamn nedgang i bestanden her, og ein antar no at er under måлтаlet som var sett i rapporten frå Bioforsk da beiteskadane var på det verste. Ein finn derfor no å kunne tilnærme seg den vanskeleg øvelsen det er å stabilisere ein bestand, og innstiller derfor på å sette opp minstearealet for Rødvenhalvøya til 500 daa, samt bruke § 9 i hjorteviltforskrifta til å sette minstearealet til det høgaste fungerande per i dag på halvøya, 350 daa som for valdet Rødvendalen.

Hatle/Norvik hadde i siste bestandsplanperioden ein fellingsprosent på over 91, og har dei siste åra bevisst gått inn for reduksjon av kvoten sjølv. Dei meiner dagens ordning er den beste og bør vidareførast

Kommentar: Som for Hamre/Haukeberg

Medalen grunneierlag har desse merknadane:

1. Medalen grunneierlag har ved fleire høve teke til orde for langsiktig tenking med hjortekvotar. Det har vore to år med stort antall koller/ungdyr drept av tog og bil. Den låge kollekvoten i bestandsplana er for å sikre tilvekst, og for å bidra til at dyra blir ståande i området over vinteren er jaktslutt sett til 30. november.
2. Er positive til at viltneimnda vurderer om godkjende bestandsplanar skal endrast.
3. Opplisting av avskytinga i valdet dei siste par åra
4. Sett-hjort 2012 viser meir sett hjort enn i 2011
5. Til trass for at vårteljningane i 2012 skjedde ei veke tidlegare enn i 2011 vart det rekna like mykje hjort.
6. ”Medalen grunneierlag finner ikkje grunnlag for å endre minstearealet for Medalen fra 500 daa til 1000 da. Det er urimelig å legge til grunn at det i Medalen skjer en overbeskatning. Dersom en hevder at en fellingsprosent på 70 % tilsier at det er lite dyr i området, så vil vi som ovenfor nevnt vise til at vi avslutter hjortejakta 30. november. Med jakttid til 23. desember ville vi opplagt ha kunne skutt flere dyr. I 2012 var det to jaktfelt som internt bestemte ikke å skyte tildelt voksen kolle. I vår bestandsplan vil en på kvote for ungdyr bare kunne felle ungdyr eller kalv, mens det på nabovald aksepteres - unntaksvis - felling av voksen bukk opp til «6-tagger» på ungdyrkvoten. Slik praksis ville opplagt ha økt fellingsprosenten i Medalen.”
7. ”Medalen grunneierlag ser størst grunn til å øke minstearealet for vald med minsteareal på 300 daa og samtidig lav avskyting. Som prioritet 2 økes minstearealet for vald med 500 daa og 700 daa og lav avskyting til henholdsvis 700 daa og 1000 da. Det må tas hensyn til konkrete opplysninger fra det enkelte jaktvald mht jaktutøvelsen.”

Kommentarar:

1. *Uavhengig av bakgrunnen for bestandsplana vil ein i desse vurderingane forhalde seg til måloppnåinga av den godkjende bestandsplana. Skal det takast spesielle omsyn til fallvilt frå veg og jernbane i kvoten må dette innbakst i bestandsplana.*

4 og 5. Også vårteljningane viser i 2013 viser ei stigning i hjortebestanden for Medalen.

6. *For Medalen sin del ville ei kvoteendring føre til eit mindre uttak av bukk, medan ein kan anta at kolleuttaket ut frå dei opplysingane som er gjeve blir halde uendra. I den kommunale hjorteviltplana er det sagt at bestanden skal reduserast i området Isterdalen og Romsdalen t.o.m. Medalen, og da er det uheldig at eit av to storvald i dette området byggjer opp stammen medan det andre valdet forsøker å redusere den. Ellest er fellingane per i dag innanfor det slingringsmonnet viltnemnda godkjende i sak VN-6/12, men med eit bukkeuttak opp mot maksgrensa. Det er tre år igjen av bestandsplanperioden, og valdet har slik litt tid å rette opp dette på..*
7. *Medalen får per i dag tildelt hjort etter eit minsteareal på 730 da.*

Eide/Indre Rødven gir full tilslutning til at minstearealet for hjort på Rødvenhalvøya blir sett til 500 da. Det samsvarar godt med målsettingane for viltnemnda som er nedfelt i Hjorteviltplana 2011 – 2015.

Kommentar: Jamfør kommentar til Hamre/Haukeberg.

Grytten storvald anbefalar at minstearealet i Romsdalen blir justert frå 500 daa til 700 daa. Grunngevinga for dette er at dei registrerer at bestandsstørrelsen har passert toppen, og valdet har hatt minsteareal på 700 daa over år. Dei meiner dette vil gi nok handlingsrom for framtida.

Kommentar: Bestanden i Grytten storvald viser nedgang, medan bestanden i Medalen går opp. Medalen får per i dag tildelt dyr etter eit minsteareal på 730 daa, i det nye forslaget til bestandsplan frå Grytten storvald er 717 da lagt til grunn. Innstillinga for minsteareal for området blir endra frå 1000 daa til 700 daa.

Valdet Lerheim kjem med eit ønske om tildeling på tilsaman 7 dyr for sitt vald, begruuna med at bestanden er i vekst og avskytinga har vore 100 % dei siste åra. Auke av minsteareal vil ramme dei med små areal og høgt uttak mest.

Kommentar: Det er eit mål i kommunen sin hjorteviltplan at alle valda skal inn i bestandsplanområde. Derfor skal ein stille spørsmål ved kor mykje omsyn ein skal ta til små vald, da dei ideelt sett skulle vore del av eit storvald der omfordeling av dyr skulle skjedd etter behov innbyrdes. Ønsket om tildeling av dyr valdet Lerheim tilsvaerar tildeling etter eit minsteareal på 240 daa.

Vurdering:

Alle saker som berører naturmangfoldet skal vurderast etter §§ 8-12 i Naturmangfoldlova, jfr § 7.

Kunnskapsgrunlaget (§8) når det gjeld det hjorteviltbestanden blir rekna som tilstrekkeleg så ein treng ikkje å ta i bruk **føre-var-prinsippet (§9)**.

Etter § 10 “**Økosystemtilnærming og samlet belastning**” skal ei beslutning vurderast i lys av fleire påverknadar seinare, og om eit løyve kan skape presedens, og på denne måten bidra til ei gradvis forringing av området. Vurderingane i samband med utarbeiding av den kommunale hjorteviltplana skal dekke dette.

NML § 11 seier at ”**kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver**”. Det blir antatt at eventuell miljøforringelse vil vera ein følge av beiteskadar mv, og dette må per i dag bærast av grunneigar.

I § 12 i NML står dette **om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder**: “*For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som gir de beste samfunnsmessige resultater*”. Dette blir ivaretatt gjennom hjorteviltplana og av lovar og retningsliner for jaktutøving.

For at det vart gjort vedtak om høyring av minsteareala i kommunen er ei anerkjenning av at fellingstala i kommunen går ned, samtidig som kvotane ikkje er endra for å tilpasse dette. For kommunen som heilheit var fellingsprosenten for 2012 nede på 54 %. Samtidig er det gjort grep i den nye hjorteviltforskrifta frå våren 2012 med tilhøyrande rundskriv som gir føringar for nøyaktigheita av bestandsplanar. Det kan tenke seg at det kan vera ein samanheng mellom kor romsleg kvote ein har og måloppnåelsen på bestandsplana. Av tabell 2 ser ein at til trass for til dels låge kvotar er bestandsplanområda jamnt over imponerande presise i sine uttak av dyr når det gjeld kjønns- og alderssamnsetning.

Romslege kvotar er nødvendige særleg i område der det er stor usikkerheit i korleis bestandane utviklar seg. Da bør ein fokusere på dei valda som har store avvik i kjønns- og alderssamnsetninga i sine uttak. Det er fleire avvik ein kunne sette fingeren på, som ungdyrforholdet og dårleg måloppnåing i kalvekvotar for somme besatndsplanområde. Men punktet om 10 % avvik frå måla i kjønns- og alderskategori dekkjer det meste, heilheita er jamt over god og ein stolar på at valda har fokus på å rette opp eventuelle avvik gjennom bestandsplanperioden.

Den gjeldande kommunale hjorteviltplana har varigheit 2011 – 2015. Denne var rullert på eit tidspunkt da ein trudde at hjortebestanden skulle vekse inn i himmelen og minsteareala ser derfor ut til å vera sett for lågt i visse område. Dette gjeld Vågstranda, Isfjorden innanfor gamle Hen kommune, Romsdalen t.o.m. Medalen og muligens det som blir kalla resten av nordsida i hjorteviltplana, som er nordsida unnateke Isfjorden og Rødvenhalvøya. Alle desse har bestandsplanområde som skal rullerast før den kommunale hjorteviltplana. Det sistnemnde er det einaste området som har vist ein tydeleg stigning i vårteljningane dei siste åra, og bestandsplanområdet her, Sandnes og Holm, får tildeling etter dagens minsteareal på 500 daa. Fellingsprosenten har her vore aukande, og ein finn derfor ikkje å kunne innstille på auka minsteareal her.

Noko som har vore nemnt tidlegare men som kanskje ikkje er kome godt nok fram er endring av minsteareal på små bestandsplanar. Ifølge § 19 kan ein bestandsplan berre godkjennast om teljande areal er minst 20 gonger minstearealet. Ved revidering av forskrifta vart valdet Hatle/Norvik alt med 300 da som minsteareal for lite for godkjenning av bestandsplan med sine 4160 da. Blir minstearealet for Rødvenhalvøya heva til 500 da vil valda Hamre/Haukeberg (9171 da) og Eide/Indre Rødven (9771 da) bli for små til å ha sjølvstendig bestandsplan.

For Måndalen sin del er det frå enkelte vald kome signal om at fellingsløyvene bør senkast, frå andre at dei må aukast. Avskytingane er varierende og det er vanskelege å sjå noko mønster i dette, men ein konstaterer at fellingstala jamnt over ligg lågt. Det er i skrivande stund kome inn teljing berre frå eitt av tre område i Måndalen, eit område der det såvidt ein er kjent med ikkje er telt før, og her er det ikkje sett hjort. Det er ikkje kome inn merknadar frå området på den foreslegne endringa, men ein antar at det nye forslaget vil innebære tilstrekkeleg slingringsmonn for dette området.

INNSTILLING:

Rauma kommune gjer desse endringane i minsteareala for hjort i kommunen

	Minsteareal per i dag	Foreslått endring
Mittetdalen og Innfjorden	700 daa	700 daa
Måndalen	700 daa	1000 daa
Isfjorden (Gamle Hen)	700 daa	1000 daa
Rødvenhalvøya og Vågstranda	300 daa	500 daa
Øvre Romsdal	3 000 daa	3000 daa
Isterdalen og Romsdalen t.o.m. Medalen	500 da	700 daa
Resten av Nordsida	500 da	500 da

Vedtaket er gjort med heimel i § 8 i hjorteviltforskrifta.

Endring av kvotane for desse bestandsplanområda:

Hamre/Haukeberg og Eide/Indre Rødven får endra tildeling til 350 da frå og med 2013 til og med 2015.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 8 og 9 i hjorteviltforskrifta.

22.05.2013 VILTNEMND

VN-011/13 VEDTAK:

Einstemmig som innstillinga

....

Rauma kommune gjer desse endringane i minsteareala for hjort i kommunen

	Minsteareal per i dag	Foreslått endring
Mittetdalen og Innfjorden	700 daa	700 daa
Måndalen	700 daa	1000 daa
Isfjorden (Gamle Hen)	700 daa	1000 daa
Rødvenhalvøya og Vågstranda	300 daa	500 daa
Øvre Romsdal	3 000 daa	3000 daa
Isterdalen og Romsdalen t.o.m. Medalen	500 da	700 daa
Resten av Nordsida	500 da	500 da

Vedtaket er gjort med heimel i § 8 i hjorteviltforskrifta.

Endring av kvotane for desse bestandsplanområda:

Hamre/Haukeberg og Eide/Indre Rødven får endra tildeling til 350 da frå og med 2013 til og med 2015.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 8 og 9 i hjorteviltforskrifta.

Rauma kommune

SAKSPAPIR

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Viltnemnd	22.05.2013	012/13	BRG

Saksansvarlig Brit Grønmyr	Arkiv: K2-K40 Objekt:	Arkivsaknr 13/1190
--------------------------------------	--	------------------------------

TILDELINGSMODELL FOR HJORT FOR VALD UTAN BESTANDSPLAN 2013

Andre vedlegg:

[Hjorteviltforskrifta](#)

Saksopplysninger:

For dei valda som ikkje har godkjent bestandsplan skal kommunen pålegge målretta avskyting ved å fordele fellingskvoten på eit bestemt antall av definerte kjønns- og aldersgrupper. Kommunen har for hjort no gått frå å ha to tildelingsmodellar å velje mellom til ein i den nye hjorteviltforskrifta § 21:

Kalv (½ år), voksne hunndyr (1 ½ år og eldre), spissbukk, og voksne hanndyr (2 ½ år og eldre).

I tillegg skal kommunen vedta ein fordelingsnøkkel som seier kor stor del av fellingskvoten kvar av kategoriene skal utgjere. Kommunen bør vidare ut fra omsynet til likebehandling sørge for at alle valda, også eitt dyrs vald, får ei rimeleg tildeling av dei ulike kategoriane. Dette siste blir ei enda større utfordring no når ein har enda ein kategori, spissbukk, å forhalde seg til.

Den kommunale plana for forvaltning av hjortevilt som vart rullert våren 2011 har ulike bestandsmål for ulike delar av kommunen, men for store delar av kommunen skal bestanden reduserast. I måndalen skal bestanden stabiliserast, og i øvre delar av Romsdalen kan den aukast. Felles mål er at det skal takast ut like mange koller som bukker 1,5 år og eldre i heile kommunen, men at dette kan avvikast om sett-hjort viser eit kolle:bukk-forhold større enn 1:1.5.

Tabellane viser kjønnsfordelinga i jaktuttaket for vald med og utan bestandsplan dei siste åra.

Hjortevald med bestandsplan						Skoten bukk per kolle
	1,5 år		Vaksne 2,5 år og eldre			
Årstall	Spissbukk	Ungkolle	Vaksen bukk	Vaksen kolle		
2004	66	53	52	52	1,1	
2005	89	62	71	78	1,1	
2006	63	71	71	94	0,8	

2007	93	75	85	114	0,9
2008	76	85	83	115	0,8
2009	92	105	101	110	0,9
2010	85	81	99	127	0,9
2011	75	64	110	95	1,2
2012	75	65	89	75	1,2

Hjortevald utan bestandsplan						
1,5 år			Vaksne 2,5 år og eldre		Skoten bukk per kolle	
Årstall	Spissbukk	Ungkolle	Vaksen bukk	Vaksen kolle		
2004	3	3	27	16	1,6	
2005	7	4	20	17	1,3	
2006	16	6	12	16	1,3	
2007	7	7	23	16	1,3	
2008	12	6	27	17	1,7	
2009	14	7	25	21	1,4	
2010	6	7	20	17	1,1	
2011	5	10	30	21	1,1	
2012	9	9	13	11	1,1	

Vurdering:

Alle saker som berører naturmangfoldet skal vurderast etter §§ 8-12 i Naturmangfoldlova, jfr § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) når det gjeld det omsøkte tiltaket blir rekna som tilstrekkeleg så ein treng ikkje å ta i bruk **føre-var-prinsippet (§9)**.

Etter § 10 "**Økosystemtilnærming og samlet belastning**" skal ei beslutning vurderast i lys av fleire påverknadar seinare, og om eit løyve kan skape presedens, og på denne måten bidra til ei gradvis forringing av området. Vurderingane gjort i samband med utarbeidinga av den kommunale hjorteviltplana skal ta vare på dette.

NML § 11 seier at "**kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver**". Det blir antatt at eventuell miljøforringelse vil vera ein følge av beiteskadar mv, og dette må per i dag bærast av grunneigar.

I § 12 i NML står dette **om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder**: "*For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som gir de beste samfunnsmessige resultater*". Offentlege lover og forskrifter samt kommunal hjorteviltplan og –vedtak skal regulere dette.

Det samla uttaket av bukk 1,5 år og eldre er som i 2011 større enn uttaket av koller 1,5 år og eldre. Vald med bestandsplan står for 87 % av uttaket og er den klart viktigaste aktøren i samansetninga i jaktuttaket. Det tilsvarande talet for 2011 var 84 %. Fellingstala for begge gruppene har gått ned sidan jakta i 2011, men den største relative nedgangen er i vald utan bestandsplan.

Den kommunale hjorteviltplana legg opp til at det ikkje bør vera ei overvekt av hanndyr mellom dei skotne dyra 1.5 år og eldre, og at kolle:bukk-forholdet bør vera minimum 1:1. Unntak kan gjerast om det kan visast til eit kolle:bukk-forhold i sett-hjort som er mindre enn 1,5:1 i bestandsplanområdet. Valda i Øvre Romsdal vart for 2012 tildelt 20% kalv, 30% kolle 1,5 år og eldre, 20 % spissbukk og 30% bukk 2,5 år og eldre. Det er ikkje tilstrekkeleg med sett-hjort-registreringar i nokon av desse områda til at ein kan innstille på å avvike frå eit kolle:bukk-forhold meir enn 1:1, og innstillinga for Øvre Romsdal går derfor på tildeling av like mengder bukk og kolle over 1,5 år. I tillegg kjem at det her er ein relativt liten bestand som er meir sårbar for skeivskyting enn større bestandar.

Elles er innstillinga som i 2012, med overvekt av koller i forhold til bukk i områda der den kommunale plana seier at bestanden skal reduserast

INNSTILLING:

Lerheim, Eid/Ytre Skorgen, Gjerdsetbygda, Indre Brevik og Grøtta Moa:

30 % kalv

15 % spissbukk

15 % bukk 2,5 år og eldre

40 % kolle 1,5 år og eldre

Måndalen og Øvre Romsdal:

30 % kalv

15 % spissbukk

20 % bukk 2,5 år og eldre

35 % kolle 1,5 år og eldre

Vedtaket er fatta med heimel i forskrift for forvaltning av hjortevilt § 21.

22.05.2013 VILTNEMND

Viltnemnda utforma dette forslaget til endring:

Lerheim, Eid/Ytre Skorgen, Gjerdsetbygda, Indre Brevik og Grøtta Moa:

30 % kalv

15 % spissbukk

15 % bukk 2,5 år og eldre

40 % kolle 1,5 år og eldre

Måndalen og Hatle/Norvik:

30 % kalv

15 % spissbukk

20 % bukk 2,5 år og eldre

35 % kolle 1,5 år og eldre

Øvre Romsdal:

25 % kalv

25 % spissbukk

20 % bukk 2,5 år og eldre

30 % kolle 1,5 år og eldre

Vedtaket er fatta med heimel i forskrift for forvaltning av hjortevilt § 21

VN-012/13 VEDTAK:

Det tildelte forslaget vart einstemmig vedteke:

....

Lerheim, Eid/Ytre Skorgen, Gjerdsetbygda, Indre Brevik og Grøtta Moa:

30 % kalv

15 % spissbukk

15 % bukk 2,5 år og eldre

40 % kolle 1,5 år og eldre

Måndalen og Hatle/Norvik:

30 % kalv

15 % spissbukk

20 % bukk 2,5 år og eldre

35 % kolle 1,5 år og eldre

Øvre Romsdal:

25 % kalv

25 % spissbukk

20 % bukk 2,5 år og eldre

30 % kolle 1,5 år og eldre

Vedtaket er fatta med heimel i forskrift for forvaltning av hjortevilt § 21

Rauma kommune

SAKSPAPIR

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Viltnemnd	22.05.2013	013/13	BRG

Saksansvarlig Brit Grønmyr	Arkiv: K2-K40 Objekt:	Arkivsaknr 13/1191
--------------------------------------	--	------------------------------

TILDELING AV FELLINGSLØYVER PÅ HJORT FOR VALD UTAN BESTANDSPLAN 2013

Vedlegg:

Andre vedlegg:

Forskrift om forvaltning av hjortevilt
Vårteljingsfigur 1997 – 2013

Saksopplysninger:

Minsteareal for tildeling av hjortejakt i Rauma kommune har denne innstillinga i sak i dagens møte:


	Minsteareal
Mittedalen og Innfjorden	700 daa
Måndalen	1000 daa
Isfjorden (Gamle Hen)	1000 daa
Rødvenhalvøya og Vågstranda	500 daa
Øvre Romsdal	3000 daa
Isterdalen og Romsdalen t.o.m. Medalen	700 daa
Resten av Nordsida	500 da

Viltnemnda kan med heimel i § 9 i hjorteviltforskrifta regulere minstearealet opp eller ned med inntil 50%. Vedtak om fravik fra minstearealet er eit enkeltvedtak og kan gjerast for særskilde vald og for eit avgrensa tidsrom. Vedtaket skal vera begrunna med ulikskapar i levevilkår til viltarten i kommunen, storleiken og utviklinga til bestanden, den skade viltet gjer eller andre ekstraordinære forhold.

Etter to år med rekordavskyting gikk fellingstala noko ned i 2011. Tabellen under viser fellingane dei siste 7 åra. Også i 2012 vart stordelen av hjorten, 84 %, felt i bestandsplanområde.

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Felt hjort	474	583	573	622	615	535	461

Tildelinga av hjort dei siste åra har vore varierende, men figuren under viser kun 2012. For den som ønskjer å gå djupare i materien kan alle tal for tildelt og flet hjort for dei siste åra finnast på www.hjorteviltregisteret.no.



Vurdering:

Alle saker som berører naturmangfoldet skal vurderast etter §§ 8-12 i Naturmangfoldlova, jfr § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) når det gjeld det hjorteviltbestanden blir rekna som tilstrekkeleg så ein treng ikkje å ta i bruk **føre-var-prinsippet (§9)**.

Etter § 10 "**Økosystemtilnærming og samlet belastning**" skal ei beslutning vurderast i lys av fleire påverknadar seinare, og om eit løyve kan skape presedens, og på denne måten bidra til ei gradvis forringing av området. Vurderingane i samband med utarbeiding av den kommunale hjorteviltplana skal dekke dette.

NML § 11 seier at "**kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver**". Det blir antatt at eventuell miljøforringelse vil vera ein følge av beiteskadar mv, og dette må per i dag bærast av grunneigar.

I § 12 i NML står dette **om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder**: "*For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som gir de beste samfunnsmessige resultater*". Dette blir ivaretatt gjennom hjorteviltplana og av lovar og retningslinjer for jaktutøving.

Vårteljningane har vist ein svakt aukande eller stabil tendens for heile kommunen bortsett frå Rødvenhalvøya fram til 2009. For 2010 og 2011 er dei fleste teljingane noko lågare for alle teljeområda, medan tendensane for 2012 og 2013 er meir sprikande, jfr vedlagt vårteljningsfigur.

Ein vel her å prøve å tilnærme seg ei tildeling etter det nye minstearealet. Mange av valda utan bestandsplaner har hatt låge fellingsprosentar. Men generelt for desse områda er det ikkje for liten tildelt kvote som gjer at det ikkje har vore felt fleire hjortar i desse områda tidlegare. Mange av valda er i tillegg små og får tildelt små kvotar så forskjellen mellom å skyte eitt

eller to av tre dyr gir store utslag på fellingsprosenten. I mådalen har ein nabovald der ein for 2012 har eksempel på to nabovald der det eine har tildelt 4 dyr og skote alle og naboen har tildelt 17 og skote ingen. Minstearealet har vore det same. Dette gjer tildeling av fellingsløyver til vald utan bestandsplan til ein vanskeleg øvelse. Balansen mellom å premiere dei som står utanfor eit storvald med fleire dyr enn innanfor og å unngå skadar på skog og mark er viktig, og det vera vanskeleg å forsvare og setje ned kvotane i område med vekst i bestanden. Sidan det er storvalda som skal vera styrande, jfr den kommunale hjorteviltplana, vel ein å setje minsteareala til vald som står utanfor tilsvarande bestandsplanområde dei naturleg kan sjåast i samband med.

INNSTILLING:

Viltnemdna tildeler vald utan bestandsplan etter denne fordelingsnøkkelen:

- Valda Øverdalen grunneierlag og Vermedalen jaktområde får justert opp minstearealet med 20 % frå 3000 til 3600 da.
- Valda Fremmerbrøste sameie og Kabben/Hånådalen og Tunga får justert opp minstearealet med 30 % frå 3000 til 3900 da
- Eid/Ytre Skorgen og Gjerdsetbygda får justert opp minstearealet med 50 % frå 500 da til 750 da
- Valda Grøtta og Moa og Indre Brevik får justert opp minstearealet med 10% frå 1000 da til 1100 da
- Lerheim får justert ned minstearealet med 30 % frå 500 til 350 da
- Valda Hovde/Søvik, Voll og Oterholm i Måndalen får justert ned minstearealet med 20 % frå 1000 da til 800 da
- Resten av valda i Måndalen får tildeling etter eit minsteareal på 1000 da.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 9 i forskrift om forvaltning av hjortevilt.

*

22.05.2013 VILTNEMND

VN-013/13 VEDTAK:

Einstemmig som innstillinga:

....

Viltnemdna tildeler vald utan bestandsplan etter denne fordelingsnøkkelen:

- Valda Øverdalen grunneierlag og Vermedalen jaktområde får justert opp minstearealet med 20 % frå 3000 til 3600 da.
- Valda Fremmerbrøste sameie og Kabben/Hånådalen og Tunga får justert opp minstearealet med 30 % frå 3000 til 3900 da
- Eid/Ytre Skorgen og Gjerdsetbygda får justert opp minstearealet med 50 % frå 500 da til 750 da
- Valda Grøtta og Moa og Indre Brevik får justert opp minstearealet med 10% frå 1000 da til 1100 da
- Lerheim får justert ned minstearealet med 30 % frå 500 til 350 da
- Valda Hovde/Søvik, Voll og Oterholm i Måndalen får justert ned minstearealet med 20 % frå 1000 da til 800 da
- Resten av valda i Måndalen får tildeling etter eit minsteareal på 1000 da.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 9 i forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Rauma kommune

SAKSPAPIR

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Viltnemnd	22.05.2013	014/13	BRG

Saksansvarlig Brit Grønmyr	Arkiv: K2-K40 Objekt:	Arkivsaknr 13/1192
--------------------------------------	--	------------------------------

RULLERING AV BESTANDSPLAN FOR GRYTEN STORVALD 2013 - 2015

Vedlegg:

Forslag om bestandsplan for Grytten Storvald 2013 - 2015

Andre vedlegg:

[Hjorteviltforskrifta](#)

Kommunal plan for hjorteviltforvaltning 2011 - 2015

Saksopplysninger:

Grytten storvald har lagt fram forslag til rullering av bestandsplan med gyldigheit jakta 2013 – 2015.

Vurdering:

Alle saker som berører naturmangfoldet skal vurderast etter §§ 8 – 12 i Naturmangfoldlova, jfr § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) når det gjeld hjortebestanden blir rekna som tilstrekkeleg til å kunne gjere eit vedtak i denne saka så ein treng ikkje å ta i bruk føre-var-prinsippet (§9).

Etter § 10 “**Økosystemtilnærming og samlet belastning**” skal ei beslutning vurderast i lys av fleire påverknadar seinare, og om eit løyve kan skape presedens, og på denne måten bidra til ei gradvis forringing av området. Dette skal vera ivaretek gjennom den kommunale hjorteviltplanen.

NML § 11 seier at ”**kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver**”.

Miljøforringelse i dette tilfellet er knytt til beiteskadar på skog og dyrkamark, og dette blir i dag dekt av grunneigar. I den kommunale hjorteviltplana er målet for området at bestanden skal reduserast, og det ser ut til å gå rette vegen her.

I § 12 i NML står dette **om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder**: “*For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som gir de beste samfunnsmessige resultater*”. Dette blir ivaretatt gjennom hjorteviltplana og av lovar og retningsliner for jaktutøving.

Plana gir ei god beskriving av bestanden i området og skisserer dessutan gode løysingar for uttak av skrapdyr, opnar for fleksibilitet for uttak av dyr mellom felt og tiltak for oppfølging av planen i planperioden. Fellingsprosenten av hanndyr 1,5 år og eldre var noko høg i siste planperiode, men som det blir sagt i forslaget til plan antar ein at dette blir retta med ein mindre totalkvote. Ellest er forslaget i tråd med krava i den kommunale plana, og det blir innstilt på å godkjenne den.

INNSTILLING:

Viltnemnda godkjenner bestandsplanen til Grytten Storvald 2013-2015 med brevdato 22.04.2013 slik den ligg føre.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 9 og 19 i hjorteviltforskrifta

22.05.2013 VILTNEMND

VN-014/13 VEDTAK:

Einstemmig som innstillinga:

....

Viltnemnda godkjenner bestandsplanen til Grytten Storvald 2013-2015 med brevdato 22.04.2013 slik den ligg føre.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 9 og 19 i hjorteviltforskrifta

Rauma kommune

SAKSPAPIR

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Viltnemnd	22.05.2013	015/13	BRG

Saksansvarlig Brit Grønmyr	Arkiv: K2-K40 Objekt:	Arkivsaknr 13/1186
--------------------------------------	--	------------------------------

TILDELING AV FELLINGSLØYVER FOR ELG FOR 2013

Vedlegg:

Andre vedlegg:

Forskrift om forvaltning av hjortevilt <http://www.lovdata.no/for/sf/md/td-20120210-0134-0.html#25>

Kommunal plan for forvaltning av hjortevilt 2011 - 2015

Saksopplysninger:

Det er opna for elgjakt i Øvre Romsdalen med eit misteareal på 8000 da, på nordsida av kommuna utanom gamle Hen kommune med minsteareal på 15 000 da og i Isfjorden innan gamle Hen med eit minsteareal på 14 000 da. Sandnes og Holm, Mittet og Isfjorden har utarbeidd bestandsplan for elg.


Etter § 9 i forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever kan minstearealet avvikast av kommunen med 50 %

For elg kan det etter den nye hjorteviltforskrifta § 21 tildelast elgløyver etter denne modellen:

Kalv (½ år), voksne hunndyr (1 ½ år og eldre), voksne hanndyr (1 ½ år og eldre).

I den kommunale plana har ein som mål for øvre Romsdal at bestanden kan aukast, men må minimum haldast på dagens nivå. Eit samarbeid med Lesja om driftsplan er ønskjeleg. Ein har enda ikkje starta samarbeid med Lesja om driftsplan, men i tidlegare tildelingar har ein glytta til forvaltningsplanen for elg på Lesja. Gjeldande bestandsplan på Lesja er for tidsrommet 2012 – 2016. den nye plana byggjer i hovudtrekk på den gamle plana, med mål om ein livskraftig elgstamme på 140 – 160 dyr. Avskytingamodellen er også endra til den såkalla Solbraamodellen, som flyttar hovudtyngda av uttaket over på ungdyr og uproduktive dyr. Den årlege tildelinga er auka i den nye bestandsplana, frå 87 dyr/år 2008 – 2011 til 100 dyr/år 2012 - 2016.

For Nordsida er målet at bestanden skal stabiliserast om lag på noverande nivå.



Vurdering:

Alle saker som berører naturmangfoldet skal vurderast etter §§ 8-12 i Naturmangfoldlova, jfr § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) når det gjeld elgjakta blir rekna som tilstrekkeleg til å kunne ta ei avgjerd i saka, til trass for at ein har relativt lite kunnskap om elgbestanden i kommunen i forhold til hjortebestanden. Eit uttak på dagens nivå blir likevel ikkje rekna som eit trugsmål mot elgbestanden, så ein finn at ein ikkje treng å ta i bruk **føre-var-prinsippet (§9)** i denne saka.

Etter § 10 “**Økosystemtilnærming og samlet belastning**” skal ei beslutning vurderast i lys av fleire påverknadar seinare, og om eit løyve kan skape presedens, og på denne måten bidra til ei gradvis forringing av området. Vurderingane gjort i samband med utarbeidinga av den kommunale hjorteviltplana skal ta vare på dette.

NML § 11 seier at “**kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver**”. Det blir antatt at eventuell miljøforringelse vil vera ein følge av beiteskadar mv, og dette må per i dag bærast av grunneigar.

I § 12 i NML står dette **om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder**: “*For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som gir de beste samfunnsmessige resultater*”. Jakt skal foregå etter dei lover og interne reglar som til ei kvar tid er gjeldande.

Fellingstala for elg har vore varierende over tid, i år var den på 50 %. Med såpass små elgvald med maksimaltildeling på 3 dyr er det vanskeleg å få til ei meir presis tildeling enn det ein har per i dag. Ein merkar seg likevel at det er ei overvekt av handyr av dei som er skotne, 7 av totalt 13 dyr (54 %) er hanndyr 1,5 år og eldre. Dette er likevel mindre enn i fjor, da 11 av 19 var i same kategorien (58 %). At ein ikkje kan tildele frie dyr lenger etter at hjorteviltforskrifta vart revidert i 2012 blir sett på som ein fordel for kjønnsbalansen.

Tildelinga er kjønnsbalansert, men av varierende grunnar blir ikkje hodyra teke ut. Med så små kvotar ser ein ikkje nokon grunn til å styre dette meir enn ein alt kan gjennom forskrifta, og tildelinga i år blir som tidlegare, dei som hadde ein okse i fjor får ei ku i år, og omvendt. Elles er minsteareala dei same som i fjor.

INNSTILLING:

I Øvre Romsdalen og Medalen blir minstearealet regulert ned med 10 % frå 8000 til 7200 dekar. Det gir denne tildelinga:

Øverdalen Grunneierlag:	2 vaksne kyr, 2 vaksne oksar, 1 kalv.
Fremre Brøste Sameie:	1 vaksen okse, 1 kalv.
Kabben/Hånådalen/Tunga:	1 vaksen ku, 1 kalv.
Vermedalen jaktområde:	1 vaksen okse, 1 kalv
Flatmark, Monge, Skiri:	1 vaksen okse

På nordsida av kommunen er gjeldande minsteareal 15 000 dekar. Dette minstearealet blir regulert med 35% til 9750 dekar. Vi får da denne tildelinga:

Eid og ytre Skorgen:	1 vaksen ku, 1 vaksen okse, 1 kalv.
Rødven/Eidsbygda:	1 vaksen okse, 1 kalv.

Grøvdalen får tildelt dyr etter minstearealet på 14 000 da:

Grøvdalen:	1 vaksen ku
------------	-------------

Vedtaket er fatta med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever §§ 9 og 21

22.05.2013 VILTNEMND

VN-015/13 VEDTAK:

Einstemmig som innstillinga:

....

I Øvre Romsdalen og Medalen blir minstearealet regulert ned med 10 % frå 8000 til 7200 dekar. Det gir denne tildelinga:

Øverdalen Grunneierlag:	2 vaksne kyr, 2 vaksne oksar, 1 kalv.
Fremre Brøste Sameie:	1 vaksen okse, 1 kalv.
Kabben/Hånådalen/Tunga:	1 vaksen ku, 1 kalv.
Vermedalen jaktområde:	1 vaksen okse, 1 kalv
Flatmark, Monge, Skiri:	1 vaksen okse

På nordsida av kommunen er gjeldande minsteareal 15 000 dekar. Dette minstearealet blir regulert med 35% til 9750 dekar. Vi får da denne tildelinga:

Eid og ytre Skorgen:	1 vaksen ku, 1 vaksen okse, 1 kalv.
Rødven/Eidsbygda:	1 vaksen okse, 1 kalv.

Grøvdalen får tildelt dyr etter minstearealet på 14 000 da:

Grøvdalen:	1 vaksen ku
------------	-------------

Vedtaket er fatta med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever §§ 9 og 21

Rauma kommune

SAKSPAPIR

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Viltnemnd	22.05.2013	016/13	BRG

Saksansvarlig Brit Grønmyr	Arkiv: K1- Objekt:	Arkivsaknr 11/2085
--------------------------------------	-------------------------------------	------------------------------

ENDRING AV LOKAL FORVALTNINGSPLAN FOR GRÅGÅS 2013

Vedlegg:

Forvaltningsplan for grågås 1. juli 2012 – 31. mars 2017

Andre vedlegg:

[Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun 2012 – 2017](#)

VN-4/12 Rullering av forvaltningsplan for grågås

VN-21/12 Rullering av lokal forvaltningsplan for grågås og kanadagås 2012 – 2017 – sluttbehandling i Viltnemnda

Saksopplysninger:

Rauma Viltnemnd vedtok i sak VN-21/12 forvaltningsplan for grågås og kanagås med varigheit 1. juli 2012 - 31. mars 2017. Tre av tiltaka i planen trong godkjenning frå overordna myndigheit, tidlegare jaktstart på grågås og kanadagås vart forskriftsfesta av høvesvis Fylkesmann og Fylkeskommune kort tid etter at planen var vedteken. For utvida periode for plukking av grågåsegg derimot krevst det også forskriftsfesting frå Fylkesmannen, men tilbvakemelding frå Fylkesmannen seier at kommunen først må avgrense området plukking blir tillate på.

Punktet som Fylkesmannen etterlyser presisering av er å finne i avsnitt 6 Konklusjon og tilrådingar:

7. *Det kan sankast egg frå grågås fram til og med 1. mai*

Ifølge forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun § 6 kan det sankst egg frå grågås til og med 15. april. Fylkesmannen kan gi løyve til sanking ut over dette om det inngår i ein forvaltningsplan.

For vurderingar rundt sjølve forvaltningsplana og vurderingar etter Naturmangfoldlova blir det vist til tidlegare behandlingar i sakene VN-4/12 og VN-21/12.

Vurderingar:

Når ein skal spisse utvida periode med eggssanking er det naturleg å kan rettast inn mot dei områda der gåsa gjer størst skade. Per i dag er det kjent at gåsa beitar på Vågstranda, i Innfjorden, på Setnesjorda og på strekinga Åfarnes-Mittet, men hovudtyngda av gåsa er å finne i Rødvenfjorden. Landbruksavdelinga bekreftar at det er i Rødvenfjorden skaden på dyrkamark er størst. Da det er vanskeleg å vurdere dei andre områda der det er "litt" grågås

opp mot kvarandre og ein står i fare for å inkludere nesten heile kommunen om ein beveggar seg ut av hovudområdet for gåsa, blir det foreslege at eggplukking ut over 15. april skal avgrensast til Rødvenfjorden.

INNSTILLING:

Viltnemnda i Rauma legg forvaltningsplanen for grågås og kanadagås 2012 – 2017 med denne endringa under punkt 6 Konklusjon og tilrådingar ut på høyring.

7. Det kan sankast egg frå grågås fram til og med 1. mai

Blir endra til

7. Det kan sankast egg frå grågås fram til og med 1. mai ved Rødvenfjorden inkludert Hamrevågen avgrensa i nord av ei linje mellom Stangeneset i Rødven og sørspissen på moloen på småbåthamna på Strand.

22.05.2013 VILTNEMND

VN-016/13 VEDTAK:

Einstemmig som innstillinga:

....

Viltnemnda i Rauma legg forvaltningsplanen for grågås og kanadagås 2012 – 2017 med denne endringa under punkt 6 Konklusjon og tilrådingar ut på høyring.

7. Det kan sankast egg frå grågås fram til og med 1. mai

Blir endra til

7. Det kan sankast egg frå grågås fram til og med 1. mai ved Rødvenfjorden inkludert Hamrevågen avgrensa i nord av ei linje mellom Stangeneset i Rødven og sørspissen på moloen på småbåthamna på Strand.

